

LNK AVISA

info@lnk.no

NR 6 • 2007 • ÅRGANG 6

www.lnk.no

Diskriminerer nynorsk

Vil kommunen endre programmet WebSak frå bokmål til nynorsk, må dei ut med 14.000 kroner.

• Sjå s. 3

Lit på sansane

Falturiltuprissvinnar Oskar Stein Bjørlykke oppmodar forfattarar til å lytte til barnet i seg sjølv for å unngå det tilgjort barnslege.

• Sjå s.14

Dei små taper

Nye reglar for boksal og anbod rammar små bokhandlarar hardt.

• Sjå s. 15

Hjørnestein



Aker Kværner Stord har tilsette frå 30 land og må gi informasjon på fire språk.

• Sjå s. 21

Portrett



Kjetil Haanes (50) har visittkort på nynorsk og er overbevist om at nynorskfanatikarane er nynorsken sin verste fiende.

• Sjå s. 12-13



Rullestolbrukar i politikken

Livet som rullestolbrukar og lokalpolitikar er ikkje enkelt. Per Einar Honstad (Ap) frå Kristiansund har store problem med å kome seg inn i rådhuset. No lovar kommunen ei løysing på problemet. Fobundsleiar i Norges Handikappforbund, Eilin

Reinaas (biletet), håpar antidiskrimineringslova som kjem på nyåret, skal føre til at fleire funksjonshemma vågar å satsa på politikken.

• Sjå s. 8

“Den trugnaste av alle vokstrar er mosen”

Ordtak frå Rasmus Løland

Kommunalbanken - ein fulltreffar for kommunen din
-me finansierer lokale løysingar

KBN Kommunalbanken
Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefax 21 50 20 01 www.kommunalbanken.no

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Redaktør
Einar Schibevaag

Ikkje likestilt

Radøy kommune i Hordaland må ut med heile 14.000 kroner dersom dei vil ha ACOS sitt system for elektronisk journalføring, WebSak, omsett til nynorsk. Dersom kommunen ville gått andre vegen, og omsett frå nynorsk til bokmål hadde det berre kosta dei om lag ein tusenlapp.

Dette har ført til at Radøy kommune har lagt nynorskversjonen på is, det vart rett og slett for dyrt.

Ein skulle tru at eit selskap som ACOS, som ikkje minst har mange nynorskkommunar som kundar, hadde sett nytteverdien av å prissette denne omsetjinga likt. Styreleiar i ACOS, Conrad Hansen har også ved fleire høve støtta nynorsken, og seier også i dag at han gjerne vil vere med å fremje det nynorske språket.

Då burde vera automatikk i å levera nynorskloysingar til kommunane som har gjort vedtak om nynorsk administrasjonsspråk. Det paradoksale oppe i det heile er at når du i dag kjøper systemet for første gong er prisen lik om det er på nynorsk eller bokmål.

Ville det, men gjere det....

Me vil at alle deltar i demokratiutviklinga. Om du er rullestolbrukar, svaksynt, blind eller døv, ung eller gamal, frå Noreg eller Gambia så ynskjer me at alle skal vera med kring dei folkevalde sitt bord.

Visjonane og måla er klare. Likevel ser me at lovmakarene også blir henta inn, som når tidlegare miljøvernminister Guro Fjellanger skulle mønstra Stortinget sin eigen talarstol.

Sosial og helsedirektoratet sette i vår i gang prosjektet "Deltaking i politisk arbeid". Å gje alle like føresetnader for å delta har vore deira målsetting. Men og at alle skal kunne kome seg inn i det vallokalet der røysta skal sleppast utan å vera avhengig av andre.

Eit godt tiltak, men det hjelper så lite så lenge handlinga lokalt ikkje er på dagsorden til ei kvar tid. Dette er ein kontinuerleg prosess, ikkje eit skippertak.

Kven har ikkje fått dei såkalla rosa sakene med 10 punkt skrift eller powerpointpresentasjonen i ein sal med 200 menneske med 15 punkt skrift. Korleis trur du det vil vera for dei som har eit langt dårlegare syn enn gjennomsnittet av oss.

Slik praksis ofte er i dag er det den som treng eit hjelpemiddel sjølv som må setja dagsorden for å få til ei endring. Spørsmålet blir då kor opne dei demokratiske prosessane er, når det mest er uråd for den som ikkje ser eller kan gå å ta seg fram i den kommunale jungelen.

GOD JUL FRÅ REDAKSJONEN

Utgevar:
Landssamanslutninga av
nynorskkommunar (LNK)

Redaksjon:
Astrid Eidh. Hjelmeland
Judith Sørhus Littlehamar
Toyni Tobekk
Sigbjørn Høidalen

Korrekturlesar:
Ola Hauge

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Hebnes

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse:
bladstova@lnk.no

Montering:
Norsk Plan A/S -
Astrid Eidh. Hjelmeland

Trykk:
Sunnhordland

Opplag omlag 6000
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og
kan tingast hjå
LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller bladstova@lnk.no
Pris kr 150 per år.

Utgevingsplan
5/2, 8/4, 27/5, 2/9, 14/10, 2/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 17 000,-
(253x360 mm)
1/2 side kr 10 000,-
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 6 500,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.
Tillegg for farge.

Annonser blir å levera
som pdf-fil til:
bladstova@norsk-plan.no



Nytt kulturliv. Ny kulturpolitikk?

Den kommunale kultursjefen har lenge vore ein utdøyande rase. Når kultursjef Steinar Læg Reid i Årdal om litt pensjonerer seg, finst det knapt nokon att av rasen i heile landet. Kommunale kulturpolitikarar forsvann frå vokabularen vår for meir enn ti år sidan. Men bortsett frå nokre veteranar i NOKU, som tykkjer dette er vemodig, er det knapt nokon som bryr seg eller løfter blikket.

Og det er heller ingen grunn til å fortvile. For det lokale kulturlivet har langt frå avgått ved døden. Det har berre skifta ham og teke nye retningar. Siste tiåret har kulturlivet endra karakter utover landet, både i by og i bygd. Det har vorte meir mangfaldig og variert, vi har fått nye aktørar og ei rekkje nye kulturelle arenaer. Finansieringsformene endrar seg og den viktige frivilligheten tek nye former. Ein ny kulturvokabular har vakse fram på få år. No heiter det opplevingar, attraksjonar og kulturentreprenørar der vi før sa folkebiblioteket, kulturhuset og kultursjefen.

I det nye lokale kulturlivet står "begivenheten" i sentrum. Det mest tidstypiske uttrykket for det begivenhetsbaserte kulturlivet er festivalen. Han finst overalt. Han er prosjektorganisert, sponsorfinansiert, publikumsvennleg, kortvarig, livsbejaande og fullstendig avhengig av ein tidsavgrensa og omfattande frivillighet. Dugnadstimane i det nye kulturlivet er fleire enn før, men no er dei konsentrerte til meir spektakulære og "imitasjonsbyggjande" begivenheiter, og i betydeleg mindre grad til tradisjonelle og kvardagslege lag og organisasjonar.

Kultur vert i mange kommunar tillagt stor vekt i politiske strategiar for å utvikle livskraftige lokalsamfunn. Vi har fått ei eiga stortingsmelding om kultur og næring, og rundt om i landet vert det laga utgreiingar som skal dokumentere kulturens vekst- og omstillingskraft i små og store kommunar. "Lidenskap og levevei" heiter den aller siste utgreiinga, ein studie av kulturnæringane i Hordaland. Her går det fram at 90 pst. av desse finn vi i Bergen. Eit lite tankekors, kanskje, for lokale kulturnæringsentusiastar ute på landsbygda her i vest?

Eit nytt, i alle fall tilsynelatande nytt, lokalt kulturliv med fleire aktørar, nye arenaer og eit fascinerande språk har vakse fram siste tiåret. Og vi lèt oss så lett begeistre av det nye. Men kva med så med kulturlivet vi lenge har hatt? Kva med det gamle i alt det nye? Kven vil stoppe strypinga av dei kommunale folkebiblioteka midt opp i festivalviraken som breier seg over snart kvar einaste bygd i Noreg? Det hadde kanskje gjort seg med ein kraftfull kultursjef eller ein storkjefta kulturpolitikar. Ein politikar som vil gjenreise folkebiblioteket og gjere det til lokalsamfunnets viktigaste møtestad. Og vil gjere

kulturpolitikk til noko anna begivenhets- og næringspolitikk.

Det nye kulturlivet har heilt openbert påverka og ført til endringar i det kommunale kulturapparatet. Men vi bryr oss ikkje så mykje med dette lenger. For 10-15 år sidan var derimot kultursektoren, som det heitte den gongen, svært så oppteken av korleis dei kommunale kulturutgiftene utvikla seg og, ikkje minst, av korleis kommunen organiserte kulturarbeidet. Dyktige kultursjefar og sterke kulturpolitikarar, helst i egne hovudutval for kultur, vart av mange oppfatta som sjølve oppskrifta på kommunal kulturell suksess.

Dagens lokale kulturliv er derimot prega av nye former for samvirke mellom offentlege og private aktørar, mellom det ideelle og det kommersielle og mellom amatørar og profesjonelle. Skarpe grenser er viska ut. Det "høge" og det "låge" flyt saman. Mens mykje av merkemda tidlegare var retta mot kommunalt organisert kulturpolitikk, må vi i dag leite etter uoversiktlege nettverk, relasjonar og samhandling mellom eit utal av aktørar. Og dei viktige pengane kjem frå så mange slags kjelder. Ikkje minst aukar sponsormakta. Men den suksessfylte og mykje medieomtalt Storaåsfestivalen har no bestemt seg for å kutte ut all sponsorfinansiering. Ein ny trend kanskje?

Kommunane si rolle i det nye lokale kulturlivet er uklår, og har vore lite diskutert. Å leggje til rette, koordinere og stimulere er i dag, etter mitt syn, langt viktigare enn å ta initiativ og å styre. Mykje av det begivenhetsbaserte kulturlivet treng ikkje så mykje kommunal draghjelp. Dei viktigaste oppgåvene i den kommunale kulturpolitikken den nærmaste tida finn vi på tre heilt andre område.

Med kortfatta slagord kan eg formulere desse oppgåvene slik: 1) Gjenreis folkebiblioteket 2) Meir kunst til barna 3) Ta det fleirkulturelle på fullt alvor. Det er her kommunane må setje inn sine knappe ressursar. Festivalar, sogespel, kulturnæringar, kulturturisme osv. tek dei private kulturentreprenørane og eldsjelene seg av. Å styrkje dei basale kulturtilboda er kommunens hovudoppgåve i den globaliserte og flyktige tida vi lever i.

KRONIKKFORFATTAREN

Georg Arnestad

FOU-leiar/underdirektør
Høgskulen i Sogn og
Fjordane



Småkommunar har dei beste NAV-kontora

Små kommunar har klart å få til den beste integreringa i samband med NAV-reforma, ifølgje ei evaluering frå Arbeidsforskningsinstituttet.

Til saman 20 kommunar vart valde ut som pilotkommunar då NAV-reforma vart sett i gang, og skulle vera

dei første til å integrere arbeidsmarknadsetaten, trykdeetaten og sosialetaten.

Ei evaluering frå Arbeidsforskningsinstituttet viser no at det er dei små kommunane som har kome best i gang med integreringa, skriv Nationen.

Dei tilsette på små NAV-kontor er også best nøgde med tilboda som brukarane får.

Forskningsleiar Tone Alm Andreassen på Arbeidsforskningsinstituttet seier at integreringa ved små kontor er betre fordi det er færre personar å administrere, og at små NAV-kontor vart sett saman av andre små einingar der ein har sett fleire kollegaer som positivt. (NPK)

13.000 ekstra for nynorsk

Radøy kommune vil gjerne omsetje ACOS sitt system for elektronisk journalføring, WebSak, til nynorsk. Pris-lapp: 14.000 kroner.

JUDITH SØRHS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

I dag kan du som ny kunde hjå ACOS velje fritt mellom bokmål- og nynorskversjonar av det elektroniske systemet WebSak som mange kommunar nyttar seg av. Skal du derimot endre språket i eit allerede kjøpt system må du ut med ein ekstrakostnad. Vil kommunen gå frå nynorsk til bokmål kostar det om lag 1100 kroner. Skal ein derimot gå andre vegen, frå bokmål til nynorsk vert prislappen 14.000 kroner. Det same gjeld dersom ein til dømes ynskjer systemet på samisk eller engelsk.

- Dette handlar om standardverdiar i systemet. Bokmålet er rådande, og me har vald å ha dette som standardpråk i systemet. Bedrifta har lite ressursar til å omsetje til nynorsk. Me har fleire i bedrifta som skriv nynorsk, men det kostar å skulle prioritere å halde vedlike eit system på fleire språk. Det tek tid å omsetje mange bilete og funksjonar. Nokon må jo vere med å betale for at dette skal bli gjort, og det vil jo i alle høve vere kundane våre som nyttar systemet. Men dersom kommunane meiner dette er heilt urimeleg er me alltid opne for dialog, seier dagleg leiar i ACOS, Tina Landsvik Fardal.

- Er dette tilbodet godt nok?

- Ja, i følgje norsk lov er det godt nok at eit system vert levert på bokmål som standard språk. Eg er tilhengar av nynorsk sjølv, men det er diverre slik at dei fleste skriv bokmål her i landet, meiner Fardal og viser til at kommunane



Styreleiar i ACOS, Conrad Hansen, skulle gjerne fremje nynorsken meir, men innser at pengemakta rår. Her med målpris frå 2003. (Foto: Næringsbyggavisa)

sjølve kan omsetje systemet dersom dei ynskjer det.

- ACOS skal som sagt gjerne vere med å bidra med betre system for å fremje nynorsk, men då må og nokon vere villige til å betale for at me skal gjere det.

I følgje Fardal er det fire aktørar på marknaden som tilbyr system for elektronisk journalføring. ACOS er den einaste som har tilbod på fleire språk.

VART FOR DYRT

Radøy kommune i Hordaland ville gjerne omsette WebSak til nynorsk, men har på grunn av prisen utsett kjøpet.

- Det er hårreisande og veldig uforståeleg at det skal vere så

stor forskjell på prisen, seier ordførar i Radøy kommune, Jon Askeland.

- Kva meiner du om at ACOS sjølv ikkje har kompetanse på å omsetje til nynorsk, men må leige inn den tenesta?

- Det fell på sin eigen urimeligheit. Me har eit skulesystem som tilseier at ein skal kunne nynorsk. Me må appellere til at ACOS no set seg inn i kunden sin ståstad og kjem kunden i møte. Dette treng ikkje koste så veldig mykje.

I ACOS sitt tilbod om omsetjing til nynorsk ligg desse kostnadane: 10.000 kroner til programvarelisens, årleg vedlikehald på 1.000 kroner og installasjonen til 3.000 kroner. Dersom ein kommune ynskjer å omsetje til bokmål vert det berre teke betalt for arbeidstida, noko som i praksis vil bety ein kostnad på om lag 1100 kroner.

- Det vil sjølvsagt vere interessant for oss å kjøpe nynorsk - modulen av systemet dersom prisen vert redusert, seier Lin Tove Thomassen, leiar av sørvistorget i Radøy kommune. Også ho meiner det

er urimeleg at overgangen skal koste så mykje, og at ACOS sjølv ikkje har den kompetansen som trengs.

PENGEMAKTA RÅR

Styreleiar i ACOS, Conrad Hansen, vil gjerne vere med å fremje nynorsken, men innser at det er pengane som styrer.

- Me tilbød at me kunne inngå eit samarbeid med LNK for fleire år sidan. Det takka dei nei til. Heile firmaet vil fremje nynorsken, men me lever berre av pengar. Me må tene pengar på det me gjer, seier han.

- Pengemakta rår, slår han fast, men legg vekt på at han gjerne inngår samarbeid som kan føre til at nynorsk-kommunane får eit billigare tilbod om omsetjing.

- Det er rett at ACOS inviterte LNK med på eit samarbeid for nokre år sidan. ACOS ville då at LNK, som i praksis er nynorsk-kommunane, indirekte skulle ta meirkostnaden med å leggje til rette nynorskversjonane. For det første hadde ikkje LNK økonomi til å gå inn med ei slik subsidiering, for det andre ville det ikkje vera rett av oss når me veit at fleire andre leverandørar produserer liknande programvare. For det tredje ville det likevel vera nynorsk-kommunane som betalte gildet. Men Hansen har sjølvsagt rett i at det er pengemakta som rår. Alle dei programvareleverandørarane LNK har kontakt med er vare for dette med marknadsmakt. Dersom fleire kommunar set som krav at dei ynskjer programvare på nynorsk, til same pris, tippa eg at leverandørane vil ta dette innover seg, seier dagleg leiar i LNK, Vidar Høviske-land i ein kommentar.


- ACOS ville gjerne betale for nynorskversjon, men då ville eg at LNK skulle promotera oss for alle LNK-kommunane og leggje press på dei for å velje ACOS. Det ville ikkje LNK. Altså ingen forpliktande samarbeid for fremje av nynorsk programvare. Slik me oppfatta det vågde ikkje LNK å «gambla» på ACOS den gongen i 1999, avsluttar Hansen.



Ordførar i Radøy kommune, Jon Askeland, meiner det er hårreisande at det er så stor forskjell på prisen. (Foto: Radøy kommune)

OLE BRUM, OLA TVEITEN ELLER BARBIE? KOR HENTAR BARNA OPPLEVINGAR FRÅ?

Pirion er ei kulturavis for tilsette i barnehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.



PIRION-ABBONNEMENT

Ja takk, eg/vi vil tinge eit abonnement på Pirion
Me doblar tilbodet men ikkje prisen. For kr 225,- får du tilsendt Pirion i posten åtte gonger i året. Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.

Namn: _____
Barnehage: _____
Adresse: _____ Postnummer: _____ Poststad: _____
Telefon: _____ E-post: _____

Send ein epost til pirion@norsk-plan.no eller send kupongen til Pirion, Norsk Plan as, Næringsbedet i Vatlandsvåg, 4235 Hebnes. Tlf. 52 79 04 84, Faks 52 79 04 81.



PIRION-KURS

Kurshaldarar med brei erfaring frå folkemusikk, forteljekunst, drama og kulturliv generelt. For meir informasjon www.pirion.no eller ta kontakt med Astrid E. Hjelmeland på 52 79 04 84 eller pirion@norsk-plan.no



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

•
P.B 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

•
www.lnk.no

•
info@lnk.no

•
Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

•
Styret:

Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfrid Borge
Kjell G. Helland
Rune Øygard

•
Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Oddvar Haugland

•
LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

•
LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

14-åring vann skrivetevling

Lene Langeland (14) frå Suldal kommune stakk av med førstepremien i ungdomsnettstaden Magasinet si skrivetevling som har vore arrangert i haust.

Tevlinga hadde lys-mørk som tema og var open for ungdom mellom 14 og 19 år, og Langeland hadde brukt rasisme som

eit bakteppe for historia si.

– Vinnarteksten skil seg ut med si friske og karakteristiske forteljarstemme. Vi har utvilsamt med eit stort forfattartalent å gjere, meiner jurymedlemer Bente Bratlund og Lars Mæhle.

Unge forfattarene frå heile landet deltok i tevlinga, og bidraga blir presenterte på nettstaden i vekene fram mot jul.

Høviske ord

I ein småbeisk e-post frå ein av medlemskommunane våre til Utdanningsdirektoratet tidlegare denne månaden, heiter det:

”Me takkar for tilsendt materiale vedrørende Nasjonale prøver: Veiledningsmaterieell og tidspunkt for tilgang til resultater. Me viser til formuleringa i fylggebrevet: ”Veiledningsmaterieell vil bli publisert på nynorsk så snart det er klart.”

Me reknar med at grunnen til at nynorskversjonane ikkje alt ligg føre, byggjer på uheldige omstende, og at dette såleis ikkje er ei bevisst prioritering frå direktoratet si side. Me ser fram til å få det tilsende materialet på nynorsk innan svært kort tid!

Reaksjonen er ikkje eineståande. Alt for mange kommunar vert tvunga til å senda slike brev og e-postar til statsattarar som ikkje maktar å følgja opp

eigne lovverk eller verre: som hevar seg sjølve over mållova.

Verstingane LNK får flest klager på mellom statsetatar som ikkje er opptekne av å følgja norsk lov, har tradisjonelt vore Politiet!

Men fleire nye kandidatar siglar opp. Det nye byråkratiske kinderegget; NAV, ser ut til å arbeida hardt for å koma inn på verstinglista, og i haust har Skattedirektoratet mobilisert godt gjennom innføringa av SOFIE. Å huffa meg!

Då LNK i oktober stilte spørsmål

ved når nynorskversjonen av det nye prestisjetunge skatteoppkravingsprogrammet ville liggja føre, fekk me eit bestemt inntrykk av at dette ikkje var den oppgåva direktoratet ville koma til å prioritera høgast.

Seinare har Skattedirektoratet moderert seg. I november forsikra etaten

at nynorskversjonen av SOFIE skulle lanserast innan 1. desember, men i skrivande stund har ikkje noko skjedd. I praksis fører dette til at alle standardbrev frå skatteoppkrevjarane i nynorskkommunane, kjem på bokmål.

Me vonar grunnen er at Skattedirektoratet ser for seg at nynorskversjonen kan bli ei høveleg julegåve til heile det norske folket.

God jul!



Vidar Høviskeland er dagleg leiar i LNK

Kåre Lunden fekk siste Vinjeprisen

Historieprofessor Kåre Lunden (76) er tildelt Vinjeprisen 2007.

Prisen har vore utdelt årleg sidan 1986 av Riksfondet for nynorsk presse, til «bladfolk og andre mediearbeidarar som nyttar norsk mål og som i si verksemd stør arbeidet med å halde oppe det særmerkte norske kulturlivet». – Det er så mange gode grunnar til å gje denne siste Vinjeprisen til Kåre Lunden, sa styreformann Erling Læg Reid i Riksfondet då prisen vart utdelt i Oslo måndag. Prisen skal heretter erstattast med ein annan nasjonal målpris.

I VINJES ÅND

– Det er sagt om Aasmund Olavsson Vinje at han var illojal mot alt anna enn målrørsla. Også prisvinnaren pirkar borti det meste med humor og ironi, ei rolle han har sett ut til å like. Lunden har bakgrunn som bygdegut frå Naustdal i Sunnfjord, og som landsgymnast. Han har eit klart intellekt, og toler å stå åleine både innanfor akademien og i journalistikken, sa Læg Reid, og la til at



(Foto: Inger Robøle Kristiansen, NPK)

ein god intellektuell skal makte å trakke på alle ømme tær hos sjølvhøgtidelege folk i mils omkrins. Men til det strengt kunnskap og mot.

– Og det har Lunden rikeleg av, pluss at han har leike- og ertelyst, sa Læg Reid.

Kåre Lunden studerte til sivilagronom ved Noregs landbrukshøgskole i 1957 og tok til med historiestudium då han var 32 år gammal. Frå 1976 har han vore historieprofessor ved Universitetet i Oslo.

– Han fører dei beste tradisjonane frå A.O.Vinje vidare og har også tidlegare fått pris for god målbruk, sa Læg Reid, som understreka kor avgjerande det er for folk å ha eit godt morsmål å stø seg på.

– Det handlar om identitet, sa Læg Reid og overrekte prisvinnaren eit bilete av Per Kleiva. (NPK)



Det blir nok ei råd med det,
sa o,
det går øve,
det kan kje vara evigt,
ser du,
og det var livet
o snakkte om

Frå "Fløttjævels bok" - 1977
av Ingvar Moe som ville ha vore 70 år
i 2006

Ei god jul
og eit godt nytt år
til alle våre
samarbeidspartnarar
i kommunane

**KOMMUNE
KREDITT**

NORGE

Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Awdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no
www.kommunekreditt.no

Folkevald

Politikk er lagspel

Rune Hetland (Vikebygd Bygdeliste) og Astrid Farestveit Selvold (Ap) er samde om ein ting: politikk handlar om samarbeid.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Får du førstegongsveljarane med, er dei interesserte i politikk resten av livet. Det er nesten som å lære å sykle, påstår Hetland som sjølv fekk politikarinteresse vekt i gymnastida på Bryne. I dag er det borna hans som har byrja på vidaregåande – og utruleg nok ser Hetland at dei kjempar same kampen som han sjølv gjorde på 70-talet: nemleg kampen for skulebøker på nynorsk.

- Det går ikkje an at det tek eit halvt år før ein får bøker på nynorsk. Det er ei skam at ein ikkje klarer å løyse dette. Sjølv om me eldest er nokre av dei politiske kampane framleis dei same, slår han fast.

PRESSA HAR OGSÅ ANSVAR

Rune Hetland har hatt plassen sin ved fleire sider av samfunnsbordet. I haust gjekk han av etter to periodar som folkevald i Vindafjord kommune. Som redaktør og dagleg leiar i lokalavisa Grannar fekk han også sjå politikken frå ei anna side. I dag er han dagleg leiar i Landslaget for lokalaviser (LLA), og skal blant anna ruste opp lokalavisjournalistar til å gjere ein betre jobb. Den siste aksjonen frå LLA si side var å betre valkampjournalistikken i dei omlag 100 medlemsavisene. Han ser at pressa også har eit ansvar for å vere med å bygge opp lokalsamfunnet – og etterkvart kjenner han spelereglene.

- Då eg stilte til direkte ordførarval mot ein sitjande ordførar med stor status, vart eg overraska over det medi-



Rune Hetland meiner kommunen må satse på leiarutvikling for å skape ein god kommunal kultur. (Foto: Judith Sørhus Littlebamar)



Astrid Farestveit Selvold meiner lokalpressa også har eit ansvar for å skape eit godt omdøme om kommunen. – Politikk handlar om lagspel, meiner ho. (Foto: Judith Sørhus Littlebamar)

det var kommunens første direkte val på ordførar, og likevel står eg her, småler ho. Ho meiner livet som politikar handlar om lagspel og samhandling.

Skulepolitikken har også vore eit sentral tema i Vindafjord.

- Eg gjekk inn for å leggje ned ungdomsskulen heime, men vil kjempe til min døyande dag for barneskulen. Der- som nokon tek opp att den debatten - ja så stiller eg til val att, seier Rune Hetland og viser til at ein må vere konsekvent, og som politikar, bestemme seg om ein skule skal leggjast ned eller ikkje. Der- som ein ikkje gjer det, vil ein, i følgje Hetland, få usikre veljarar.

MÅ SATSE PÅ LEIARUTVIKLING

- Eg seier ikkje at ein ikkje skal endre skulestrukturen. Men politikarane må ta debatten og bestemme seg.

- Det er to hovudgrupper i ein kommune: dei tilsette og innbyggjarane. Ein må ha støtte der skal ein få noko til. Og fungere det ikkje på topp i kommunen får ein ikkje effekt av pengane og når ikkje måla.

- Legg ned ressursar i leiingsutvikling, rådar han nyvalde politikarar til.

Hetland legg vekt på at kommunane i dag legg for lite i leiaropplæring og utvikling. Det er ein føresetnad for å få ein god kultur i kommunen, meiner han.

- Kommunen er ei stor bedrift. Skal ein få til eit godt tenestetilbod og få mykje ut av pengane, må ein ha gode leiarar.

Skal ein utvikle kommunen, må ein, i følgje Rune Hetland, også ha gode spelereglar mellom administrasjonen og politikarane.

- Administrasjonen kan lett spele på den usemja som er mellom politiske parti og svekke partia. Men politikarane har også ei utfordring med å bli tydelegare overfor administrasjonen. Det er vanskeleg for administrasjonen dersom ein ikkje får tydelege signal og politikarane ikkje klarer å samle seg om ein del hovudliner i utviklinga av kommunen.

efokuset som kom. Her kom eg frå media og fekk sjokk, seier han og har eit klårt råd til nyvalde politikarar: snakk med borna dykkar om kva som vil skje dersom de gjer noko i politikken som får medieomtale.

Ordførar i Kvam herad, Astrid Farestveit Selvold (Ap) fokuserer også på at lokalpressa har eit ansvar for omdømet til kommunen og at dei må kjenne rolla si.

- Mange journalistar i lokalavisene trur derimot dei arbeider i VG, meiner ho.

SKULEDEBATT I SENTRUM

Farestveit Selvold har byrja på sin andre periode som ordførar i vestlandskommunen. Første gongen vart ho vald av kommunestyret – denne gongen vart ho vald av folket.

- Eg har vel gjort det utrulege. Den siste perioden har eg vore med på å leggje ned åtte skular. Så går me til val: den einaste saka i årets valkamp var skule. Eg hadde fem mannlige motkandidatar og

Ny redaktør

Britt Sofie Hestvik (41) er tilsett som ny redaktør i Kommunal Rapport.

Hestvik byrjar 1. mars neste år som ny ansvarlig redaktør og administrerende direktør i Kommunal Rapport. Den tidlegare NTB-journalisten er i dag magasin- og kulturredaktør i Nationen, skriv Kommunal Rapport.

ABC
Startsida

Over 600.000
unike brukarar
kvar einaste dag!

Noregs einaste
nynorske startside

www.startsida.no

Folkevald

Politikarklekkning i Vestnes

Kommunen ønsker fleire kvinner inn i politikken. Coaching er eit av midla Vestnes skal bruke for å nå målet.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

- Eg trur at ein coach kan lære meg å finne kva som er styrken min og fokusere på den, seier nykommar Ingrid Skjegstad. Ho er 28 år og er vald inn i det nye kommunestyret i Vestnes for Senterpartiet.

Saman med andre folkevalde og mulige framtidige politikarar skal Skjegstad få hjelp av ein coach til å bli betre rusta på den politiske arenaen. Opplegget er ein del av den statlege satsinga Utstillingsvindu for kvinner i politikken.

- Utfordringa for Vestnes er å få fleire kvinner inn i politikken og opp på høgare plasseringar, seier Skjegstad.

NYTT I NOREG

Coaching av politikarar er førebels ganske upløgd grunn i Noreg, i alle fall på kommunalt nivå. Thomas Ims er coach og sit som styreleiar av Norsk Forbund for Coaching, og han fortel at det førebels er mest vanleg å nytte coaching i næringslivssamanheng, og då helst på toppnivå. Innan politikken er det enno ganske uvanleg.

- Men også her kan folk ha nytte av å klargjere kva mål dei har og finne ut korleis dei skal jobbe mot dei på ein hensiktsmessig måte, meiner Ims.

KVINNER FÅR BETRE UTBYTTE

Så langt er det fleire kvinner enn menn som nyttar seg av coach for privat eller yrkesmessig utvikling.

- Menn er meir klar over kor dei vil. I politikken har dei til dømes mindre problem med å godta korleis ein skal kome seg til posisjonane.

Kvinner legg seg oftare på ei meir defensiv line der det å tene folket er det viktigaste målet, meiner Ims. Derfor er kvinner meir mottakelege for ein mental sparringpartner.

- Vi veit og at kvinner raskare får utbytte av coaching.



(Illustrasjonsfoto: Astrid Eidb. Hjelmeland)



Ingrid Skjegstad (Sp) og dei andre kvinnelege folkevalde i Vestnes skal få bruke coach for å finne si politiske styrke (Foto: Olav Hole, VestnesAvisa)

VERSTINGKOMMUNE

Vestnes kommune har alltid lege på botnen når det gjeld tal på kvinnelege folkevalde. Inneverande periode er fem

av 27 folkevalde kvinner. Det svarar til 18,5 prosent kvinnedeltaking, mot landsgjennomsnittet på 35 prosent. I den nye perioden har talet kvinner auka til sju.

Dette gjorde Vestnes til ein svært aktuell kandidat då Kommunal- og regionaldepartementet sette i gong eit eige prosjekt for å rekruttere kvinnelege folkevalde gjennom Utstillingsvindu for kvinner i politikken. 110 000 kroner årleg i fire år har Vestnes kommune no fått frå departementet, og den lokale styringsgruppa har nett sett i gong arbeidet med å bruke dei.

ANDRE INNFALLSVINKLAR

- Det har aldri vore problem med å få menn til å stille opp i Vestnes, seier Randi Bergundhaugen, folkevald frå Høgre og medlem i styringsgruppa til kvinneprosjektet.

- Det knyter seg andre utfordringar til å få kvinnene på bana, og coaching er berre eit av midla vi ser for oss å nytte.

Vestnes er ein kommune med stor pleie- og omsorgssektor, og det er

viktig at folk som jobbar innan denne sektoren, for det meste kvinner, deltar i det politiske livet, seier Bergundhaugen. - Men då må vi kanskje tenkje nytt på fleire arenaer, mellom anna kring dette med møtetider. Det kan vere krevjande å handtere skiftarbeid og møteverksemd.

MENTOR

I tillegg til å drive coaching, ønsker styringsgruppa og at veteranane mellom dei kvinnelege politikarane skal fungere som mentorar for dei nye, på tvers av partitilhøyrighet, fortel Bergundhaugen.

- Då snakkar vi om å hjelpe til med dei praktiske sidene ved å vere politikar, forklarar ho. Det er til dømes ikkje alltid så lett å skjønne kva ting som oversendingsframlegg går ut på eller korleis avstemningsmetodar funkar, og då kan det vere greitt å ha røynde folk å vende seg til.

Men dei politiske avgjerdene skal vi sjølv sagt ta innafør partigruppene!

www.magasinet.no
einaste intelligente nettstaden for ungdom
- på nynorsk!

Folkevald

Stengt for rullestolbrukar

Per Einar Honstad (Ap) er rullestolbrukar og lokalpolitikar i Kristiansund kommune. Noko som ikkje alltid er like enkelt.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Honstad har nett byrja på sin andre periode som politikar og er i dag 1. vara til Bystyret i Kristiansund, noko som fører til at han møter jamleg på politiske møte. På grunn av trapper er ikkje hovudinngangen til rådhuset tilgjengeleg for rullestolbrukarar. Dermed må Honstad inn bakvegen, og gjennom fire – fem blytunge dører før han kjem til eit etasjeplan med ei trapp som han må ned for å kome til sjølve bystyresalen. For å kome ned den trappa må Honstad nytte seg av krykker.

MÅ BRUKE KRYKKER

- Eg klarer det på eit vis, men det skal ikkje vere slik. Eg er blitt lova trappeheis,



Forbundsleiar i Norges Handikapforbund, Eilin Reinaas håpar antidiskrimineringslova som kjem på nyåret skal føre til at fleire funksjonshemma vågar å satse på politikken. (Foto: Handikapnytt/Vidar Alfarnes)

men den er enno ikkje på plass, seier han oppgitt.

No håpar Ap-politikaren at kommunen vil gå inn for å lage ei universell utforming i kjellaren på Rådhuset. Administrasjonen i Kristiansund kommune er i ferd med å kartlegge korleis ein eventuelt kan få til ein hovudinngang i eit ledig kjellarlokale, som også etter planen skal bli tilrettelagt for funksjonshemma.

- Det er uverdig at personar med funksjonshemming ikkje kjem inn i rådhuset i Kristiansund. Huset vart bygd i 1954, så det er absolutt på tide me får på plass ein heis, seier ordførar i Kristiansund kommune, Per Kristian Øye.

Ordføraren har no god tru på at ei løysing med universell utforming vil vere på plass i løpet av 2008.

EIT DEMOKRATISK PROBLEM

Forbundsleiar i Norges Handikapforbund, Eilin Reinaas er sjølv lokalpolitikar for Høgre i Molde og veit kva utfordringar Honstad møter til dagleg.

- Den største oppgåva vår vert å dokumentere det. Vise fram enkeltsakene og vise at dette er eit konkret problem, meiner ho og viser til at det, så langt handikapforbundet kjenner til, ikkje finst tal på kor mange politikarar som er funksjonshemma.

Reinaas peikar også på det demokratiske problemet som kjem i kjølvatnet av lite tilrettelagte kommunehus og rådhus.

- Dei kommunale møta er opne. Men kor opne er dei eigentleg når ein del av befolkninga ikkje har tilgang til møterommet, seier ho og legg vekt på at mange kommunar ser ut til å ha beslutningsvegving i forhold til å gjere noko.

LOVPÅLAGT UTFORMING

Hjå mange vert ikkje problemet sett på dagsordenen før ein sjølv får ein funksjonshemma politikar i kommunestyret, meiner Eilin Reinaas.

Honstad er samd i at dette er eit demokratisk problem.

- Me vil jo gjerne ha politikarar frå alle grupper i samfunnet. Men truleg fører tilkomstproblema til at det er vanskeleg å rekruttera funksjonshemma politikarar, seier han og peikar på at eit offentleg søkjelys på problemet kan føre til at fleire vågar å satse.

Sjølv har han aldri vurdert å gi seg som lokalpolitikar, men ser at store utfordringar gir ein vanskelegare kvardag.



Per Einar Honstad har store problem med å kome seg inn på rådhuset i Kristiansund. No lovar ordføraren ei løysing på problemet. (Foto: Handikapnytt/Thomas Bjørnflaten)

- Det er tilkomsten som er det største problemet. Bygningar er ein ting, men me skal jo også til dømes rundt i kommunen på synfaring og anna.

Honstad og mange med han håpar no antidiskrimineringslova frå departemen-

tet kan gjere det lettare for funksjonshemma å ferdest, spesielt i offentlege rom. Lova som truleg kjem i løpet av våren 2008 vil forhåpentlegvis gi konkrete tidsfristar for universell utforming av eksisterande bygg.

ABC
Startsida

Vel www.startsida.no som
di nye startside. Meir info her:
www.startsida.no/egen

Folkevald

Ti tusen kommunestyrerepresentantar

Opplæring berre på bokmål

Ni av ti kommunar følgjer Kommunenes sentralforbund sitt læreprogram for nye folkevalde, der null prosent av læremateriellet ligg føre på nynorsk.

SIGBJØRN HØIDALEN
sigb-ho@online.no



Illustrasjonsfoto frå formannskapet i Hjelmeland kommune. (Illustrasjonsfoto: Judith Sørbus Litlebamar)

”Sett dagsorden — grip muligheten” er slagordet for Kommunenes sentralforbund (KS) sitt nye folkevaldprogram. Førti prosent av kommunane har allereie teikna seg, og målet er at 90 prosent gjennomfører programmet innan våren neste år. For fire år sidan følgde 86 prosent av kommunane KS sitt opplegg.

- Kvifor er alt læremateriell berre på bokmål, rådgjevar Thomas Scheen?

- Det har med den økonomiske ramma å gjere. Me har erfaring frå tidlegare at det kostar mykje å gje ut publikasjonar på både bokmål og nynorsk. Me bruka ein journalist til å utforme språket i folkevaldprogrammet, og det var naturleg for han å velje bokmål, svarar Scheen.

LITE KLAGER

KS-rådgjevaren fortel at for fire år sidan låg noko av folkevaldmateriellet føre på nynorsk. Då kom det likevel klager på at bokmål dominerte fullstendig. I år har ikkje Scheen fått reaksjonar i det heile på valet av målform.

- Tidlegare hadde me òg noko materiell på samisk, men det har me latt vere, seier han.

Ein av nynorskkommunane som i haust har gjennomført KS sitt folkevaldprogram, er Gaular i Sogn og Fjordane.

- Korleis reagerte de på at null prosent var på nynorsk, ordførar Jenny Følling (Sp)?

- Eg må vel innrømme at me slukte det røtt. Det var ingen som klaga. Kommunen får så mykje på bokmål, både frå departementa og frå KS sentralt, svarar Gaular-ordføraren.

Som eit forsonande trekk legg ho til at iallfall lokalkontoret til KS i Sogn og Fjordane nyttar nynorsk.

MARKNADSMAKTA

Direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum meiner nynorskkommunane må stille større krav.

- Det er utruleg at nynorskkommunane finn seg i at alt materiell til folkevaldopplæring kjem på bokmål, seier han.

Grepstad kom tidlegare i haust med ein sterk appell til fylkeskommunane om å bruke marknadsmakta si for å betre ekspederinga av nynorske læremiddel i skuleverket. Han meiner det same gjeld for kommunane i høve KS.

- Det er kring 115 nynorskkommunar her i landet, og 60 prosent av alle kommunar er anten språknøytrale eller har nynorsk som målform. Saman har dei stor tyngde til å krevje at KS iallfall lagar noko på nynorsk, slår Grepstad fast.

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag



24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

...kommune er
...situasjon at for å
...nye ting, må ta
...na. Dette skryr rå
...e kommentar
...apsrapporten for I
...Han peikar på at v
...ske analyse for
...ner at presse de
...te tenestene må a
...vesteringsnivå er I
...n fører til at det
...amt, og prioritas
...Sveio kommune I
...ert mykje. Det g
...nskeleg å leggja
...vester eller at
...hanfor dei rammer
...er tildelt utan at e
...era vekk andre tent
...rapporten gje på
...n rapporten er I
...grunn til uro. Både
...forhalda framtid
...rt sett i gang siter
...rten og følg opp
...erlegare tilta
...Mellom dei
...p til, er ein total gje
...alle tenesteeining
...på å få framans
...sjal. I dette be
...ra retta seg
...ingar som
...neskapsutvi
...n vil òg kart
...på einingane
...ika omskilt
...råsjå til at de
...rdering av ledige s
...ysing av desse
...erne delegasjonsr
...al gjennomgåst
...edell for tild
...sar til skul
...beidet med a
...ministrativt
...på å frigje
...da fram.
...Det går v
...frå
...apira at dette er
...ed sjølvstyrte ein
...nsippet er at ein s
...resultatet i des
...annen er kom
...rat
...g, men den krev
...n totalt sett g
...ne
...krev enno
...star
...iplin.
...Tala for først
...alv
...erforbruk på til
...llionar kroner. Ra
...barnehage
...e
...ak på 3,1 biljo
...ma opp i 3,7
...so
...rt gjort kost
...rinn
...område helse o
...ner overforbruk på
...og vil kunna kort
...som det i se
...dringar. På
...atteinnkom
...ka,
...ste halvår.
...reskøyta «H
...i Fjeldøy
...i 04, men er snar
...no ikkje f
...i
...es kommun
...ellom anna tvang
...000 kroner
...Saka har vore flei
...mmunen etter det
...vart vurdert anka
...ner. Eigaren kl
...vedtaket.
...nde difor sak
...ei
...nnen i vint
...Der
...e månader
...Be
...ne fekk til svar i
...ne saka er i
...e F
...n klageinst
...av
...n sjølv kan avgjer
...n dette med direk

"Den trugnaste av alle vokstrar er mosen"

Ordtak frå Rasmus Løland

Foto: Jan Nordveit

I meir enn 80 år har me hjulpet kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering som kan realisera kommunen sine mål.

Kommunalbanken finansier lokale løysingar
- den leiande finansieringsinstitusjonen i kommunemarknaden

KBN Kommunalbanken
Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefax 21 50 20 01 www.kommunalbanken.no

Nynorsken:

diktsamling med agenda

Kristin Auestad Danielsen (26) har skrive ei diktsamling om og for nynorsken.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
jsl@norsk-plan.no

I forordet til samlinga "Nynorsken" skriv Danielsen: "denne diktsamlinga har som formål å hindre nynorsken frå å forsvinne. Eg prøver her å greie ut kjensler og tankar i diktform på det området. Samlinga har eit intenst ønske om å eksistere."

Kristin Auestad Danielsen er frå Tøns-havn og har tidlegare gitt ut diktsamlinga "Alle i Norge, i tre, i hengekøyer".

Mange har skildra Danielsen som literatørens neste Olaug Nilssen.

Dikta er korte og presise, det er nesten ein slags haiku-tradisjon over dei. Og dei aller fleste av dei handlar om språk eller Siv Jensen. Tønen i dikta er hard og fast, det er nærast noko hamrande over dei. Dette er dikt med ei meining og eit mål. Mange og presise repetisjonar, gjerne av heile liner, gir oss eit inntrykk av at dette er målkamp på verselinar. Og gjennom det heile skin hennar eige forhold til nynorsken, gleda over språket. Samstundes som ho klarer å sjå utover rettskrivinga og det nynorske språket.

- Nynorsken er noko som er like kjærte som ein venn, som ein er like redd for å miste, seier Danielsen til Morgenbladet.



Kristin Auestad Danielsen (26) har skrive diktsamlinga "Nynorsken". Målet er at det nynorske språket skal overleve. (Foto: Christian Elgvin)

Sjølv har Danielsen kalla dikta sine propagandadikt med eit mål for auga: å få nynorsken til å overleve.

- Det er så sjeldan at diktsamlingar er tydelege på kva dei vil, og det er sjeldan diktarar innrømmer at dei har ein agenda. Derfor tenkte eg at det ville vere spanande å heller prøve å vere så tydeleg og ærleg som mogleg. Eg ville ikkje pakke dikta inn og gjere dei vage, seier ho vidare til Morgenbladet.

EIT DØME FRÅ SAMLINGA:

Eg elsker nynorsk. Eg blir som ei mor til ein heroinist viss nokon byrjar å bli usaklege. Nynorsken er den snillaste guten, har ikkje krumma eit einaste hårstrå på nokon! No må du ikkje kome her og fortelje kva nynorsken min har gjort! Min eigen nynorsk! Trur du ikkje eg kjenner nynorsken min!

Men eg byrjar å tvile på nynorskbrukareigenskapane mine: Er eg ein god nynorskbrukar? Følgjer eg godt nok med? Er eg ikkje litt for naiv? Har eg ikkje vore det lenge? Har eg sett foten min ned? Har nynorsken min blitt heroinist?

All is love. Du seier at all is love. Eg elsker nynorsk. Eg elsker ein heroinist. Eg vil hjelpe deg. Eg vil hjelpe deg. Eg gir nynorsken min pengar. Nynorsken stel. Nynorsken slår. Eg kjeftar på nynorsken min. Eg ber nynorsken min om å halde opp. Eg ber nynorsken min om å vere forsiktig. Nynorsken min.



BERGEN/HAUGESUND/STAVANGER - NEWCASTLE JULEBORD OG SHOPPING - ALT I SAMME BÅT!

Hvorfor ikke avslutte året med en uformell sammenkomst hos oss?

Et skip er ett helt spesielt sted, som gjør det lett å lære dine kolleger, kunder eller samarbeidspartnere bedre å kjenne. Med et seilende julebord til Newcastle får du en annerledes og spennende avslutning på året som garantert vil gjøre inntrykk på deltakerne og ikke minst; huskes i lang tid!

Ta kontakt med oss i dag så hjelper vi deg med planleggingen og gjennomføringen av et vellykket arrangement. Hos oss er alle samlet fra begynnelse til slutt. Alt i samme båt!

For bestilling kontakt vår gruppeavdeling på tlf.: 21 62 11 60 eller e-post: gruppeavdelingen@dfdsseaways.no



EKTE JULESTEMNING



SEILENDE JULEBORD



UFORMELL TONE

JULEBORDSCRUISE FRA
2524,- PR. PERS.
INKLUDERT JULEBUFFET

*) Prisen gjelder ved minimum 8 personer mandag - onsdag i perioden 02.11. - 23.12.07. Torsdag - søndag fra kr. 2854,- pr. pers. Miljøavgift, oppgradering av lugar, ekstra måltider og evt transfer i Newcastle tilkommer.

ALT DETTE ER INKLUDERT!

- 2 overnattinger i innvendig dobbel Seaways Class lugar
- 3 timers konferanse, inkl. teknisk utstyr, kaffe, te & isvann
- 2 frokostbuffer
- 1 lunsjbuffer
- 3-retters festmiddag med vin ad libitum og kaffe avec
- Julebuffet med ett glass øl/vin/mineralvann

(Kontakt oss for pris hvis det er ønskelig å bytte ut julebuffet med 3-retters julemeny i vår à la carte restaurant)

WWW.DFDS.NO/KONFERANSE



PORTRETTE

- Våg å bruke n



(Foto: Judith Sorhus Litlehamar)

Nynorsk

Nynorskfanatikanane er nynorsken sin verste fiende

Kjetil Haanes (50) har vitsittkort på nynorsk og kan takke fotballen for at han vart journalist.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Kjetil Haanes er fem minutt for seint til avtalen vår. Men han stressar ikkje av den grunn. Lett henslengt entrar han Grand Hotel i Oslo før han med eit målbevisst blikk foreslår å flytte intervjuet til presseklubben. Dermed vert lysekruner og glamour skifta ut med tunge skinnmøblar og gamal pressehistorie i veggane. Han trivest betre her. På presseklubben er nemlig den garva journalisten blant sine egne. Kjetil Haanes er mannen som byrja å skrive nynorsk i journalistlaget og som ikkje eig eit vitsittkort på bokmål, berre nynorsk og engelsk. Sjølv meiner han at han ikkje er noko typisk målmanneske, men målrørsla trykka han uansett til sitt bryst då han som nyvald styreleiar i presseforbundet, oppfordra Harald Stanghelle i Aftenposten til å skrive meir nynorsk. Slikt blir det oppstyr av.

NYNORSK I RIKSMEDIA

- Nynorsk må ikkje brukast som provokasjon, det må vere naturleg. Men intervjuar du ein person som brukar dialekt eller nynorsk vert det heilt feil å bruke bokmål. Vert nynorsken brukt i naturlege samanhengar er det få som reagerer, meiner han. Og Kjetil Haanes er klår i sin tale: nynorskfanatikanane er nynorsken sin verste fiende.

- Journalistlaget er ikkje kjent for å meine noko om nynorsken i riksmedia. Vil det endre seg no?

- Journalistlaget er opptekne av journalistisk kvalitet, inkludert eit godt og levande språk. Om det språket skal vera bokmål eller nynorsk, har me ingen sterke meiningar om. Derimot er det slik at journalistar må respektere den språkpolitikken som gjeld der dei jobbar. Det er dermed ikkje sagt at den språkpolitikken skal vare evig, og ikkje kan utfordrast.

Han brukar nynorsken i kvardagen og møter lite motstand mot det. For han er det mest naturleg og ikkje minst meiner han nynorsken er eit rikare og meir presist språk.

- Men kva med Media Norge? Vil nynorsken forsvinne når regionalavisene skal utveksle stoff?

- Stoffutvekslinga mellom Media Norge – avisene kan verte ein prøvestein for nynorsken. Frå ein nynorskståstad hadde det vore ønskeleg om praksisen vart slik at ein nynorskar-tikkel frå ein journalist i Stavanger Aftenblad automatisk også stod på nynorsk i Adresseavisen og Aftenposten. Det vert i alle fall fullstendig feil om ein journalist vert tvinga til å skrive på bokmål for at stoffet eventuelt skal brukast andre plassar. Uansett må ein sjå på opphavsmannen sine rettar og kva språkpolitikk den enkelte avisa har.

JOBBTILBOD PÅ FOTBALLBANEN

Yrkesvalet til den gang så unge Haanes var kanskje meir tilfeldig enn ein skulle tru. Han er utdanna lærar og under utdanning i Trondheim var han heime i Gjerdsвика på Sunnmøre for å spele ein fotballkamp. Haanes var utan jobb og hadde på den tida dei fleste vegvala opne. Ein fotograf frå lokalavisa Vestlandsnytt hadde plassert seg strategisk ved mållinja under eit hjørnespark, og Kjetil Haanes var ikkje verre enn at han lufta moglegheitene for å få seg jobb i avisa med fotografen. To dagar etter ringde redaktøren med eit tilbod. Det vart starten på åtte år i lokalavisa.

- Eg har spelt mykje fotball, eg er fantastisk god i fotball, seier han sjølv om saka.

Etter den tid har han vore journalist i Sunnmørsposten og tillitsvald i Orkla Media. Før han no sit som nestleiar i Norsk Journalistlag og som styreleiar i Presseforbundet. Dermed har han kapra nokre av media-norge sine mest omtalte posisjonar.

TRENG RESSURSAR

- Eg hadde eigentleg tenkt å slutte med å ta på meg verv. Så vart eg foreslegen som nestleiar til journalistlaget, og til slutt sto eg att som einaste kandidaten, seier han tørt.

Men det er journalist han er og blir. Haanes snakkar seg nesten varm når han skal setje ord på kva han meiner om yrket.

- Å vere journalist er det beste yrket ein kan ha. Ein får kunnskap om mykje, møter mange interessante menneske, vert ein del av samfunnslivet og debatten. Det er eit rikt og flott yrke.

- Eg er oppteken av høg etisk standard og kvalitet i journalistikken, meiner han og viser til at mange i dag arbeider under sterkt tidspress. Haanes ser at det stadig kjem nye

plattformer å arbeide på journalistisk, at det stadig går fortare i svingane. Det er viktig at nettjournalisten er underlagt same etiske krav som andre journalistar.

- Eg har sett journalistar som sit i telefonintervju og skriv direkte inn i teksten. Det går utover kvaliteten og språket.

Samstundes er han overbevist om at ein ikkje har hatt betre moglegheit for å drive god journalistikk enn ein har nett no. Men for å få det til er ein avhengig av eigarar som forstår kva som må til.

- Ein må få både tid og ressursar til å drive kvalitetsjournalistikk, også på nett, held han engasjert fram.

At tabloidjournalistikken pregar mediebiletet vil han ikkje vere med på.

- Ein må hugse at tabloid også er eit format. Mange tabloidaviser har høg kvalitet og store deler av norske journalistar arbeidar ikkje tabloid.

Om styreleiaren i Presseforbundet ikkje så lett sjølv let seg flørte med av den enkle og tabloide journalistikken, ser han at den har sine fordelar.

- Å uttrykke seg kort er ofte noko av det vanskelegaste som finst. Den litt enkle journalistikken fangar kanskje merksemda hjå nye grupper. Mange gratisaviser når dei som ikkje les aviser til vanleg, slik som til dømes innvandraren.

- Den viktigaste oppgåva som journalist er uansett å avdekke urettferd og vere den svake sin talsperson.

SOLIDARITET OG YTRINGSFRIDOM

Kjetil Haanes legg vekt på tre ord når han skal omtale media: ytringsfridom, mangfald og etikk.

Sjølv har han eit utprega engasjement i journalistlaget for ytringsfridomen i andre land.

- Solidaritetsperspektivet er viktig. Det er mange journalistar i verda som ikkje har det bra. Til no i år er det drepe 130 journalistar i verda, seier han og viser til Filippinane, landet der flest pressefolk vert drepne og Russland som framleis er styrt av sensur og dårlege arbeidstilhøve i redaksjonane. Journalistlaget har også inngått eit samarbeid med Amnesty International for å styrke ytringsfridomen i Kina fram mot OL i 2008. Sjølv har Haanes vore engasjert i humanitært arbeid i om lag 20 år, no er han internasjonalt ansvarleg i Norsk Journalistlag.

- Internasjonale media kan påverke situasjonen i Kina i positiv retning. Norske og andre internasjonale journalistar har eit spesielt ansvar for å belyse menneskerettane sidan dei – og ikkje kinesiske journalistar – er gitt auka pressefridom i samband med OL. Dette gir unike moglegheiter både før, under og etter dei olympiske leikane, sa Haanes tidlegare i haust til Amnesty Internasjonal.

TA DISKUSJONEN

Kjetil Haanes er ein nynorsk presse-mann utan å vere målmanneske.

- Som journalist må ein våge å bruke nynorsken og ein må våge å ta ein diskusjon i redaksjonen for å få lov til det. Men ein må nytte ord som folk brukar i dag, ein må ha eit levande nynorsk språk, slår han fast.

Sjølvmelding

Namn: Kjetil Haanes

Alder: 50

Bur: Delvis i tjukkaste oslogryta og delvis i kystperla Gjerdsвика på Sunnmøre.

Sivilstatus: Separert.

Aktuell: Nestleiar i Norsk Journalistlag og styreleiar i Presseforbundet. Har uttalt at det bør bli meir nynorsk i Aftenposten. Han er ein nynorsk presse-mann utan å bli målmanneske.

Førebilette: Det finst mange flotte folk, og du finn dei gjerne på plassar der du minst forventar det. Eg har vore så heldig å fått møtt mange av dei.

Les: Ekstremt mykje aviser og har ei stor bunke på nattbordet med aviser og tidskrift, men mindre med bøker.

Høyrrer: Mykje på ungdomsmusikk. Punk-rock, rock, soul, viser og blues. Eg likar tekstar med meining. Laurdagen står radioen og surrar i bakgrunnen heile tida.

Prisvinnar lit på sansane



(Foto: Astrid Eidh. Hjelmland)

Forfatter Oskar Stein Bjørlykke er blitt tildelt historias første Falturiltu-pris for sitt forfatterskap for barn og unge.

ASTRID EIDH. HJELMLAND
astrid@norsk-plan.no

Prisen på kr 25.000 vart utdelt på den fyrste nynorsk barnebokfestivalen Falturiltu, som blei skipa på Stord tidleg i november.

Festivalprisvinnaren har og klare tankar om korleis ein kan gjera barnelitteraturen meir kjent. – Det er viktig å nytta ulike vegar for å formidla barnelitteratur, seier Bjørlykke, både på bibliotek og i skulen, og han understrekar viktigheita med forfatterbesøk på skular.

– Ein må få fram ein breispektra nynorsk litteratur, held han fram. Tilby borna ulike typar litteratur, også i retning trivallitteratur. Ein treng alltid eit sjikt med bøker som ikkje er for seriøse, held han fram. Så får foreldre og besteforeldre ta seg av formidlinga av den meir seriøse barnelitteraturen.

Biletbøker er viktige ifølgje Bjørlykke, i og med dei har den eigenskapen at dei kommuniserer med sansing. Ut frå det kan fantasien utviklast og leselysta skapast, understrekar han.

SANSAR

Bjørlykke er rekna som ein moderne diktar for born, og han er klar på hovudskilnaden mellom moderne dikt og den tradisjonelle barneregletradisjonen.

– Medan sansebiletet står i sentrum i moderne poesi for born, skil ein i bar-

neregletradisjonen mellom fantasi og sansing. Medan den moderne poesien oppstår i den lette flyten i kommunikasjonen mellom fantasi og skaping, er spelet som føregår innan fantasien ikkje i stor grad sansenær i barneregletradisjonen, skal me tru Bjørlykke.

– For meg er sansinga det viktigaste utgangspunktet for poesi. Ikkje det einaste, men det fyrste når eg skriv for born. Sanseetikk som står der og er der. Med sansebiletta som utgangspunkt kan fantasien setjast i sving. Poesien spelast fram. Born sansar ting for fyrste gong – fordi dei ser dei for fyrste gong.

IKKJE BARNLEG TILGJORT

Bjørlykke heldt og eit føredrag i det å skrive for born for studentar og tilreisande seminardeltakarar på Stord. I si diktning for born ser forfattaren på den enkle og naivistiske vegen som hovedvegen.

– Denne vegen kan også nyttast i diktning for vaksne, men i diktning for born er det hovudvegen, seier Bjørlykke. Men det er ikkje dermed sagt at diktning for born er eintydig. Det må ligge meir i det enkle, barnlege. Det er lett å falle i det tilgjort barnlege – lett å bli avslørt som barnleg tilgjort.

EIGEN BARNDOM

For å unngå det tilgjort barnlege oppfordrar Bjørlykke framtidige diktarar å finne seg ein strategi og oppmodar lydarane til å lytte til barnet i seg sjølv.

– Tenk på opplevingsmønster og språk ein sjølv hadde som barn, seier han. Samstundes understrekar han at ein slik opningsprosess ikkje nødvendigvis

treng vera lettvtint. – Ein må tilbake i tid og der kan vera smertegrenser som må passerast i prosessen.

BREISPEKTRA LITTERATUR

I juryen si grunngeving står det at dikt-bøkene til Bjørlykke er eit nyskapande bidrag til norsk litteratur, og at han etter kvart er blitt ein moderne klassikar. I dei seinare barnebøkene blandar han dikt og prosa på spennande måtar som i *Hendene i vêret!* (1999) og *Den dagen* (2001), eller han uttrykkjer seg i ein gjennomført poetisk prosa, som i *Kom til Dammen* (2003). I juryen sat Helga

Gunerijs Eriksen, Atle Hansen og Per Olav Kaldestad

Bjørlykke, som også var festivalforfatter på Stord, har skrivne dikt-bøker, romanar og novellesamlingar for både vaksne og born, og han er den av forfatterane hjå Samlaget som har skrivne flest dikt-bøker for born. I 1966 debuterte han med ei dikt-bok for vaksne, *Deg høyrer dagen til*, medan den nyaste dikt-boka hans *Hoppe i havet*, kom ut i år.

Kan det vera god kommuneøkonomi å bli heime?

(Foto: Siri Nodeland)



Siren Vetnes Johannessen leiar HMS-prosjekta i Mandal Kommune.

I 2003 hadde sjukefråveret i Mandal kommune blitt så høgt at kommunestyret avgjorde at noko måtte gjerast. Med støtte frå KLP sette kommunen i gong eit omfattande HMS – prosjekt. Knapt 2 år etter at Nærversprosjektet blei starta opp, var sjukefråveret redusert med mest 30 %. Den positive trenden har halde fram. I desse dagar vert Tillitsprosjektet lansert, eit fire-årig pilotprosjekt der KLP også er med.

SUMMEN AV MANGE SMÅ TING

Aktivt HMS – arbeid handlar om tiltak på mange plan. I Mandal får folk høve til jobbrotasjon. Alle tilsette som er heilt sjukemelde i meir enn 3 veker blir inviterte til ei samtale med Bedriftshelsetenesta. Folk i "faresona" får også tilbod om trening i arbeidstida. Det er til og med akseptert at folk i gitte situasjonar kan ha godt av å bli heime i staden for å gå på jobben. Ein tur i skogen, til dømes, kan vera helsebringande.

INNSIKT OG KOMPETANSE

– Det er betre å vera vekke frå jobben ein dag eller to enn å havna på langtidssjukemelding. Poenget er at kvar einskild tek ansvar for si eiga helse, seier Siren Vetnes Johannessen, leiar av prosjekta. Og legg til: – KLP har vore ein viktig støttespelar. Deira innsikt og kompetanse på HMS-området har vore ein av suksessfaktorane i Nærversprosjektet i Mandal.

I KLP trur me det er dei som "kjenner kvar skoen trykkjer" som veit best kva som kan hjelpa. Difor støttar vi kundedrivne HMS-tiltak og har bidratt i mange vellukka prosjekt innan førebygging, tilrettelegging og livsfasetilpassing. Berre i 2006 var vi involverte i 120 ulike HMS-tiltak. Les meir på www.klp.no. Me deler gjerne våre erfaringar og vår kompetanse med enda fleire.

KLP
for dagane som kjem

Oskar Stein Bjørlykke

Bjørlykke har tidlegare fått fleire litterære prisar, mellom anna Vekebladet Familiens ærespris 1967, Jubileums-stipend frå Den norske Bokklubben i 1986 og Samlagsprisen

i 1995. Han fekk Kulturdepartementets spesialpris 1999 for *Hendene i vêret* og Kritkarprisen 2003 for *Kom til Dammen*. Han er fødd i 1939 i Fitjar og bur i Oslo.

Får ikkje selje bøker

Små bokhandlarar greier ikkje konkurrere med dei store om å få selje skulebøker. Det kan bety kroken på døra.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Skuleboksålet skulle vere berejvelken for Siv Helen Thomassen då ho starta Bøker & Sånn i Etne for snautt tre år sidan. Men i vår mista ho den mest solide kunden sin, Enge barne- og ungdomsskule, og dermed forsvann den tryggaste og mest forutsigbare inntektskjelda.

- For meg er dette vere eller ikkje vere, seier Thomassen. No veit ho ikkje kor mykje lenger ho greier å ha ope.

VIL, MEN FÅR IKKJE

Ved Enge skule er dei klare på at dette ikkje er ein ønskt situasjon, men at dei er styrte av kommunale innkjøpsreglar. Etne kommune er med i eit innkjøps-samarbeid med fire andre kommunar i Sunnhordland, og dette samarbeidet forpliktar.

- Alt kommunane kjøper inn skal ut på anbod, fortel Odd Magne Agdestein, leiar av det sunnhordlandske innkjøps-



Siv Helen Thomassen veit ikkje kor lenge ho kan halde liv i butikken sin når ikkje skulen får kjøpe bøker av ho lenger. (Foto: Toyni Tobekk)

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

samarbeidet. Tidlegare kunne kommunane styre mindre innkjøp sjølve, og det var tak for kor store beløp som utløyste anbod. Det er det ifølgje Agdestein slutt på.

- Frå og med i år må kommunane lyse ut anbod frå første krone. Det er heilt forbode å ta lokale omsyn.

GREIER IKKJE KONKURRERE

Også endringa i Bokavtalen, ein avtale mellom forlag og bokbransje, har vore ei medverkande årsak til at mange små bokhandlarar slit. Den nye avtalen har gjort at kven som helst kan selje skulebøker nesten kor billig som helst. Tidlegare opererte ein med fast pris på skulebøker.

Siv Helen Thomassen peiker på at ho gjennom Frie Bokhandlere har høve til å gje skulane eit visst rabatttilbod.

- Men eg greier ikkje konkurrere med kjedene, seier ho.

IKKJE ALEINE

Å etablere seg med andre varegrupper kunne vore ei løysing, men det har Thomassen per i dag ikkje råd til. Resultatet kan bli at ho må stenge.

- Kommunen sparar pengar på å handle hjå andre, men på sikt risikerer dei å tape ein sårt tiltrengt arbeidsplass, seier Thomassen.

- Lov om offentlig innkjøp er eit sentralt lovverk og ei endring kan berre gjerast på riksplan, seier Agdestein.

REDNING I SIKTE

Redninga for dei små bokhandlarane kan bli Kommunal og regionaldepartementet som i haust lova å setje i verk ei ny støtteordning for distriktsbokhandlarane. Bokhandlerforeningen har lenge åtvare om at dei små bokhandlarane vil


slite økonomisk på grunn av nye innkjøpsordningar.

- At regjeringa no ønskjer å bruke 5 millionar for å gje distriktsbokhandlarane fleire bein å stå på, ser vi svært positivt på, seier leiar av Bohandlerforeningen, Randi Øgrey. Det er venta at denne ordninga er klar frå årsskiftet.

ABC
Startsida

Vi gjer nettet
nyttigare!

www.startsida.no



i k k j e a l l e v e g a r f ø r e r t i l R o m

Presset frå media er aukande, og det kan ofte vere vanskeleg å vite kva som er den beste strategien for å få kommunisert det rette biletet av ein situasjon.

Norsk Plan as skreddersyr løysingar for deg!



Norsk Plan as

www.norsk-plan.no

Næringsbedet i Vatlandsvåg • 4235 Hebnes • tlf 52 79 04 80

Hauge og Tveitt til nye grupper

Dagleg leiar i Hauge-Tveitt jubileet 2008, Kristin Helle-Valle, vil bringe Olav H. Hauge og Geirr Tveitt inn i vår tid og til ein ny generasjon publikum.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

I 2008 er det hundre år sidan dei to kunstnarane vart fødde, no håpar Helle-Valle at neste års markering skal stadfeste vestlendingane som både klassiske og moderne. At markeringa av komponisten og lyrikaren vart slege saman meiner ho er naturleg.

- Dei kjende kvarandre. Tveitt har blant anna tonesett åtte av Hauge sine dikt. Då eg kom inn i dette og vart spurt om å ta jobben, visste eg ikkje så mykje om verken Tveitt eller Hauge. Eg møtte begge to samstundes, det har gått fint. Noko av målet må jo vere å få dei til å høyre saman.

- Det er viktig å ikkje ta for gitt at folk veit kven desse er og at dei kjenner produksjonane deira.

ATTENDE TIL AUSTEN

Programmet for neste års markering er framleis under produksjon. Likevel er det nokre høgdepunkt som skil seg ut. Etter planen skal til dømes Samlaget gi ut ein antologi der norske forfattarar vel seg ut yndlingsdikt av Olav H. Hauge som dei skriv om. NRK skal vise eit dokumentarprogram om kvar av kunstnarane. Elles vert det også til dømes planlagt ei eiga diktsamling for barn og fleire CD-utgivingar - for å nemne noko. Elles vert det planlagt eit rikt spekter av teaterframsyningar, konsertar og utstillingar. Kristin Helle - Valle legg ikkje skjul på at det trengs eit vidt spekter av arrangement for å vise fram det ho meiner er to tidlause kunstnarar. Gjennom arbeidet er ho også blitt glad i produksjonen deira. - Dikta til Hauge er ganske moderne. Dei er enkle, men samstundes fleirtydige. Både Hauge og Tveitt er tidlause, slår ho fast. - Eg er oppteken av at Hauge var inspirert av Austens tankar og filosofi. Me håpar å bringe han attende ved å få oversett dikta hans til kinesisk, koreansk og hindi, fortel Helle - Valle og viser til at Hauge si form med dei enkle, korte dikta som ofte handlar om natur, medan underteksten fortel om noko felles menneskeleg på eit djupare emosjonelt plan, har røter i Austen. - Ein kan kjenne att mange trekk av Haiku-diktinga hjå Hauge, held ho fram.

MODIG KUNSTNAR

- Avstanden mellom livet som fruktbonde og gartnar i Hardanger og



Neste år skal ein markere at det er hundre år sidan Olav H. Hauge vart fødd. (Foto: Bodil Cappelen)

filosofien i Austen må då vere stor? - Ja, det var den nok. Men Hauge levde nok livet sitt i draumen, i diktverda. Han fylte livet sitt med fortellingane han fann i bøkene, meiner ho. Olav H. Hauge vart fødd i Ulvik i 1908. Han debuterte i 1946 med samlinga «Glør i oska», 38 år gammal. Hauge var opphavleg gartnar, men tok tidleg til å skrive. Livet hans bar preg av store psykiske påkjenningar - noko som også sette spor i lyrikken hans. Sjølv sa han eingong dette om seg sjølv: «Eg har hakka for mykje ugras og plukka for mange eple. Eg er ingen akademikar. Eg er ein røvar. Ein filister. Men det er ikkje sikkert det hadde kome fleire dikt om eg hadde hatt meir tid til å skriva. Kan henda hadde det ikkje blitt noko i det heile.» Helle - Valle legg vekt på at lyrikaren truleg har fått ein sterk posisjon mykje på grunn av at han skildra kjensler ein kjenner seg igjen i. Hauge byrja også diktarrieren sin konservativ, men utvikla seg etterkvart og vart friare i diktforma. - Han var ein modig og omsynsløst ærleg kunstnar for sin eigen del. Han jakta alltid på det perfekte. Det nynorske språket var også viktig, både for Hauge og Tveitt. Helle - Valle er også oppteken av at det er

viktig å få fram mangfaldet i dialektane våre - og at dette er med på å halde liv i nynorsken som skriftspråk. - Då meiner eg også at ungdomskulturen er forutsetninga for at nynorsken i alle sine variantar skal ha fortsatt liv. Derfor lagar me noko så uhøgtidleg som magnetpoesi på nynorsk i ekte Ivar Aasen - tradisjon, fortel ho.

FOLKETONAR TIL INSPIRASJON

Geirr Tveitt vart fødd i Bergen 19. oktober 1908. Familien hans kom opphavleg frå Norheimsund i Hardanger, det var også der han fann interessa for folkemusikktradisjonen og seinare slo seg ned for å bu. Slik som både Edvard Grieg og Johannes Haarklou reiste også Tveitt som ung til Leipzig for å studere musikk. Etter ein periode i utlandet slo han seg derimot ned i Oslo før han i 1942 flytte attende til Hardanger. I dag står musikken til songane «Vi skal ikkje sova burt sumarnatta» og «So rodde dei fjordan» som dei mest kjende av produksjonane hans. På 1960 - og 70-talet arbeidde Tveitt i NRK som programsekretær, i den perioden skreiv han også mykje musikk til lyrikk av blant andre Arnulf Øverland, Knut Hamsun, Aslaug Vaa og Herman Wildenvey. - Eg veit ikkje om dei som driv med

folkemusikk har oppdaga Geirr Tveitt på nytt akkurat, men dei let seg iallfall tydeleg inspirere av hans folketonar. Ofte er dette folk som snakkar dialekt eller nynorsk, seier Kristin Helle-Valle og peikar på at Olav H. Hauge truleg er meir kjent ute blant folk enn Tveitt. - Dikt er stort sett meir tilgjengleg enn musikk. Ein må oppsøkje det i større grad for å setje stor pris på Geirr Tveitt, men eg møter også mange som ikkje veit kven Hauge er. «Vi skal ikkje sova burt sumarnatta» derimot er nok ein av songane til Tveitt som veldig mange kjenner til.

I SKUGGEN AV IBSEN

Fleire av arrangementa neste år bind lyrikaren Hauge og komponisten Tveitt saman. Helle - Valle trekkjer fram konsertframsyninga der ein skal blande rapping og kveding som eit framsynt arrangement.

- Slike ting gler meg stort. Det er viktig å bringe desse kunstnarane inn i vår tid og til vår generasjon, slik at nye menneske oppdagar dei. Det er så lett å kome i skuggen av både Ibsen og Grieg, seier ho.

Det opphavlege budsjettet til markeringa var på om lag 15 millionar kroner. I dag er realiteten ei budsjettert inntekt på 7,2 millionar kroner. Kristin Helle - Valle er likevel godt nøgd og meiner ein må satse på å spreie markeringa mest mogleg, både over ulike arrangement og reint geografisk.

Hauge-Tveitt jubileet 2008

Lyrikaren Olav H. Hauge og komponisten Geirr Tveitt skal heidrast gjennom heile 2008 - 100 år etter at kunstnarane vart fødde. Blant arrangementa kan ein nemne dokumentarar på NRK, teaterframsyning med Riksteateret, fleire CD-utgjevingar, diktsamling for born og utgjevingar av antologi der kjende forfattarar skriv om deira yndlingsdikt av Hauge. I løpet av hausten opnar også nettstaden www.ht08.no - der skal ein finne informasjon om både kunstnarane og markeringa.

Ryfylkepakken for vekst, utvikling og samhald



Sola 10 - 11 januar 2008, Quality Airport Hotell Stavanger

påmelding: www.ryfylkevegen.no

RYFYLKEVEGEN AS
for ein sterkare region

Kvitebjørnen

- undring og læring



Hausten 2008 blir eit femårig pedagogisk prosjekt sett i gong...

- vil dine elevar vera med?

Me ynskjer pilotskular med elevar frå 6.-10. trinn

Arbeidsmåtar:

forteljing, drama, utstilling, innovasjon, filosofi, film og lesing

Kompetansemål:

KRL, norsk, samfunnsfag, matematikk, naturfag, kunst og handverk

Skaparkraft med lokal kultur og identitet som grunnlag

Lyst å vite meir?

Kontakt

Kvitebjørnen

v/prosjektleder

Astrid Eidhammer Hjelmeland

52 79 04 84 / 97 19 47 88

epost: astrid@norsk-plan.no

les meir om prosjektet på: www.nashornet.no

Frist 10. januar 2008



Samarbeidspartnarar:

Sparebank 1SR-Bank

ABC Startside

Haugesund Avis

Norsk Plan AS

Suldal kommune

Asker kommune

Rogaland fylkeskommune

Kunnskapsdepartementet

Ryfylkefondet

Kulturdepartementet

**STIFTINGA
RASMUS LØLAND – MARKERINGA**

**UNDRANDE
OG SKAPANDE**

Bruker omsetjingsprogram til eksamen

Halvparten av elevane som avla nynorskeksamen på Dalane vidaregåande skule sist veke brukte programvaren Nyno som omset heile setningar frå bokmål til nynorsk. Ikkje ulovleg, seier rektor Aslaug Marie Undheim

Alle hjelpemiddel er tillate til pc-eksamen, ifølgje skuleleiinga. Dermed har omlag 40 av dei 80 elevane som gjekk opp til eksamen på Dalane VGS lasta ned og brukt Nyno som hjelpemiddel. Dette skal ha skjedd ved fleire skular.

Men no er det slett ikkje sikkert at det er så reinhårig likevel, ifølgje Stavanger Aftenblad:

- Viss det er slik at elevane har brukt ulisenserte versjonar av Nyno, så er dette ulovleg, seier produsenten.
- Ifølgje opplæringslova er det berre lov å nytte hjelpemiddel som ikkje svekker grunnlaget for å vurdere elevens kompetanse.
- Somme elevar peiker dessutan på at dei som bruker Nyno har ein urimeleg fordel overfor dei andre elevane.

Fekk auka valdeltaking



lokalavisa har dekkja valkampen betre enn i 2003, meinte mange at avisene hadde politisk slagside, at små parti fekk alt for mykje spalteplass, at det var fokus på negative sider og at ein i liten grad fokuserte på dei "viktige" sakene.

"UNG OG ENGASJERT"

Tomas Bruvik håpar no avisene framover også vil invitere til debatt, og at dei vil våge å vere ein aktør under valkampen. Framover vil LLA fokusere på ungdommen og førstegongsveljarane for å få dei engasjerte, og ikkje minst få dei til å bruke stemmeretten sin. Bruvik legg vekt på at LLA ikkje kan klare dette på eiga hand, og at dei no er i dialog med kommunaldepartementet om prosjektet vidare. LLA har førebels gitt prosjektet namnet: "Ung og engasjert".

Arild Bjørnbakk, Eva S. Winther og Sylvia Bredal på LLA kurs i Bodø. (Foto: Vidar Alfarnes)

Styrelsiar i Landslaget for lokalaviser (LLA), Tomas Bruvik, er godt nøgd med prosjektet "Vi har noko med det" som kan ha ført til auka valdeltaking under haustens lokalval.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Prosjektet har vore ein stor suksess, det er bra både for lokalavisene og for lesarane. Ikkje minst gav det også resultat på valdeltakinga. Tre prosent auke i forhold til sist val er ganske mykje, slår styreleiaren fast.

LLA la i haust opp til eit omfattande prosjekt for å auka valdeltakinga og gjere lokalavisene meir bevisste på kva saker ein kan få ut av eit lokalval. Noko av grunnlaget for prosjektet var også å prøve å unngå at riksmédia og rikspolitkarane tok over heile valkampen. LLA arrangerte difor kurs i kommuneval, kommuneplanlegging og kommuneøkonomi. Forutan dette gav dei tips og idear til redaksjonane og ikkje minst tilbod om å utveksle erfaringar på nettsidene til LLA.

På landsbasis auka valdeltakinga i år med 2,2 prosent, noko som gir ei deltaking på 61,2 prosent. Kommunar med typiske lokalaviser auka derimot med heile 3,8 prosent totalt.

FÅR GODE TIPS

- Lokalavisene har førebudd seg betre på årets lokalval, seier Bruvik som også viser til at ein ser litt annleis dekning av valet i avisene denne hausten. Til dømes har mange aviser nytta seg av meiningsmålingar blant veljarane, det har ein i følgje Bruvik nesten ikkje sett før.

200 lokalavisjournalistar har vore på kurs arrangert av LLA.

- Noko av det viktigaste ein har fått til trur eg er ideutvekslinga mellom avisene, der har ein fått gode tips om korleis ein kan gjere lokalavisene meir spanande, seier Bruvik som også er redaktør i lokalavisa Kvinnheringen, og sjølv har hatt fleire journalistar på kurs.

I rapporten etter prosjektet står det at 77 prosent av lokalavisene har nettside i dag. Fem prosent av avisene har nytta nettkartlegging i løpet av valkampen. Utvalde grupper vert her spurt om kva dei meiner om aktuelle spørsmål. Betrakteleg fleire av avisene har derimot nytta seg av spørjeundersøkingar på nettet.


NETTET ER VANSKELEG

- Bruken av nettet varierer veldig mellom avisene. Men det er også ein vanskeleg ressurs og bruke dersom avisa kjem ut ein eller to gonger i veka, og ein har i mellom to og fem redaksjonelle årsverk i avisa. Det er vanskeleg dersom dei både skal lage papiravis og drifte nettsidene, meiner Bruvik og viser til at LLA gjerne vil hjelpe til slik at fleire av desse lokalavisene kan få meir ut av nettsidene sine.

Dei folkevalde er også spurt om kva dei meiner om årets valkamp i lokalavisene. Trass i at 90 prosent av dei meinte



Tradisjon – og fornying



HOTELL HORDAHEIMEN



Hotell Hordaheimen gir alle medlemmer av LNK og deira tilsette eit hotellopphald i Bergen til ein pris som tåler samanlikning.

Sei du representerer ein LNK-kommune når du bestiller. Prisen (enkeltrom) er kr 650 på vekedagar og kr 540 i helga.

C. Sundtsgt. 18
5004 Bergen
Tlf.: 55 33 50 00
Faks: 55 23 49 50
E-post: info@hordaheimen.hl.no

www.hordaheimen.hl.no

STORD



Pioner innan lærarutdanning

Høgskolen Stord/Haugesund er ein av få høgskular som tilbyr mastergrad i lærarutdanninga.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
jst@norsk-plan.no

- Alle attendemeldingane til korleis den nye lærarutdanninga bør vere viser at ein treng ei femårig utdanning. Det viser seg at dei vala me har gjort har vore rette, seier dekan på avdeling for lærarutdanning og kulturfag ved skulen, Liv Reidun Grimstvedt.

Høgskulen på Stord har nemleg allerede etablert ei mastergradsutdanning med IKT i lærarutdanninga.

TRENG DIGITAL KOMPETANSE

- IKT er så viktig no, det er mangel på digital kompetanse i skulane, seier masterstudent Anne Helland (40) som håpar jobbmarknaden vil bli større med ein breiare lærarkompetanse.

- Eg håpar sjølv sagt å få jobb i skulen, men det er ikkje så lett her. Kanskje vil det bli lettare med meir dybde i lærarfaget. Helland tok opphavleg IKT som det siste og fjerde året på allmennlærerutdanninga.

- Det var ikkje planen å havne på masterutdanninga, men etter kvart søkte eg innpass og fekk plass, seier Helland.

Masterutdanninga er lagt opp med IKT i læring som tema, Helland er sjølv student på eit prosjekt der ein fokuserer på vurdering av eleven.

Liv Reidun Grimstvedt legg også vekt på at studentane ved denne utdanninga får forskingskompetanse og lærer å vurdere eige arbeid. Studentane får i tillegg innsikt i skuleutvikling, i følgje Grimstvedt er det behov for lærarar som kan vere med å gjere skulen betre.

REGIONAL AKTØR

Høgskolen Stord/Haugesund har om lag 2500 studentar og studiestad både i Haugesund og på Stord.



Liv Reidun Grimstvedt og Anne Helland er godt nøgde med den framtidsretta lærarutdanninga ved Høgskolen Stord/Haugesund. (Foto: Judith Sørhus Litlehamar).

- Høgskulen har halde til her sidan 1839. Opphavleg var det fire gardar som vart slegne saman. Utearealet var nok også ein av dei største grunnane til at skulen vart lagt her, fortel Grimstvedt og viser til at den geografiske plasseringa også var viktig. Her hadde skulen kommunikasjon både nordover og sørover. I dag er høgskuleområdet omringa av bygningar med eit historisk sus over seg.

Den regionale plasseringa av kompetansesenteret er viktig også i dag.

- Me har eit samfunnsoppdrag i å vere ein regional aktør i forhold til kompetanseoppbygging. Me skal tilby grunnut-

danning i distriktet og vidareutdanning, seier Liv Reidun Grimstvedt og peikar på at eit tett samarbeid med næringslivet i regionen kan gi ringverknadar for alle partar.

KONTAKT MED NÆRINGSLIVET

Eg trur dei distrikta som har ein høgskule i tilknytning til seg har lettare for å halde på ungdommen, held Grimstvedt fram. Det vert enklare å bli buande på heimstaden og etablere seg dersom ein kan få høgare utdanning i nærområdet.

- Det er viktig for Stord å ha ein høgskule. Og me veit at iallfall lærarutdanninga har mange søkjarar frå regionen, slår dekan Grimstvedt fast.

Høgskulen tilbyr også etterutdanning og kompetansheving innan fleire felt. Deriblant har ein eit tett samarbeid med Aker Kværner Stord når det gjeld nettbasert ingeniørutdanning, eit tilbod som også sikrar Aker Stord betre og ofte meir lokal rekruttering av arbeidskraft. Høgskolen Stord/Haugesund tilbyr utdanningstilbod innan blant anna helsefag, ingeniørfag, økonomisk/administrative fag, maritime studiar og lærar- og kulturstudiar.

Stord



Stord kommune omfattar Stord, Huglo og Føyne samt fleire små øyar og holmar. Byen tel 16 850 innbyggjarar og er den største byen i verda som har nynorsk som skriftspråk. Heile Stord kommune, ikkje berre tettstaden Leirvik, fekk bystatus i 1997.

Næringslivet ber preg av at Stord har leverandørindustri innan olje og gass, med Aker Kværner Stord, Aker Kværner Elektro og Leirvik Module Technology som den største industrien. På øya finst dessutan Høgskulen Stord Haugesund, Stord Sjukhus og Stord Lufthavn, Sørstokken.

Lokalavis: Sunnhordland

Kommunestyret:

Ap	8,
Høgre.....	6,
Frp.....	6
Krf.....	4
Sp.....	3
Sv.....	3
Venstre.....	3
Demokratane.....	2

Ordfører: Liv Kari Eskeland, H
Varaordfører: Leif-Steinar Alfvåg, Krf
Rådmann: Martin Dahle

Heimeside: www.stord.kommune.no

Internasjonal hjørnesteinbedrift



Aker Kværner Stord er ein internasjonal arbeidsplass og ein sentral del av næringslivet i vestlandskommunen. (Foto: Aker Kværner Stord)

Hjørnesteinbedrifta Aker Stord har tilsette frå 30 ulike land og held informasjonsmøte på fire ulike språk.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Aker Stord har i dag om lag 1170 faste tilsette arbeidstakarar, medan meir enn 1700 personar er innleigde til eitt av prosjekta.

- Dei fleste er frå Skandinavia, men over 500 er frå Polen, seier informasjonssjef Alf Terje Myklebust.

Evakueringsmeldingar og informasjonsmøte vert gitt på fire ulike språk.

- Det er ei utfordring å få alle til å forstå våre krav til helse, miljø og tryggleik og leve etter dei. Dei må også lære seg å bli kjente på anlegget, meiner Myklebust og viser til at så mange nasjonalitetar på ein arbeidsplass innbyr til utfordringar.

Men Aker Kværner Stord tek godt vare på den utanlandske arbeidskrafta si. Med 1024 sengeplassar kan dei konkurrere med kva det skulle vere i overnattingsbransjen i regionen.

- Det er jo dei som skal hjelpe oss med å få gjennomført prosjekta våre, slår Myklebust fast.

MÅ OMSTILLE

Aker Kværner Stord byrja som sildeoljefabrikk i 1919. Etter kvart byrja dei med skipsbygging, og midt på 1970-talet gjekk bedrifta over til bygging av olje- og gassplattformer. Dei siste tre åra har dei også gjort store installasjonssopdrag på landanlegg for vidareforedling av gass, som til dømes Kårstø, Hammerfest LNG og Ormen Lange.



Informasjonssjef Alf Terje Myklebust meiner viljen til å omstille seg er viktig skal bedrifta overleve. (Foto: Judith Sørhus Litlehamar)

- I dag står bedrifta på tre hovudbein. For det første samanstillar me modular og dekk til faste og flytande produksjonsplattformer. I tillegg bygger me landanlegg som behandlar gassen frå havet, og me demonterer utrangerte plattformer som har gjort si oppgåve i havet, seier informasjonssjef Myklebust og viser til at bedrifta er avhengig av sterk evne og vilje til omstilling.

- Omstilling er noko som ikkje gjer seg sjølv. Ein må analysere marknaden grundig med utgangspunkt i den kompetansen ein har og sjå om den kan nyttast i nye samanhengar.

I dag har Aker Kværner Stord arbeid for to år fram i tid. Myklebust viser til at det i denne bransjen er eit langt perspektiv.

- Me skal produsere to boreriggjar for Aker Drilling med levering i 2008 og ei plattform for StatoilHydro som skal vere

klar på nyåret 2010. Det er ikkje lite.

Den største utfordringa vert truleg kampen om arbeidskrafta.

- Me ynskjer å rekruttere 50 lærlingar kvart år. I fjor fekk me tak i om lag 30, seier Alf Terje Myklebust og legg ikkje skjul på at den lokale arbeidskrafta er den mest stabile.

- Når me skal leige inn folk, sjekkar me først nærområdet. Me vil helst ha folk frå den lokale marknaden, dei kan bu heime og likevel arbeide her. Deretter sjekkar me Norge, Norden og så vidare. I dag

er det ikkje stort fleire å hente på den norske marknaden.

HJØRNESTEIN MED ANSVAR

Bedrifta har ein unik posisjon på Stord. Som hjørnesteinbedrift er dei også bevisste på at dei betyr mykje for vestlandskommunen.

- Slik systemet er no får ikkje kommunen glede av selskapskatten, den går til Oslo. Men mange tilsette skattar til Stord, og me kjøper mykje varer og tenester lokalt.

Aker Stord har også eit konkret samarbeid med Høgskolen Stord/Haugesund gjennom ein partnerskapsavtale.

- Me har eit nært samarbeid om utdanning på fleire nivå, seier Myklebust om den internett-baserte ingeniørutdanninga som fører til ei tydeleg rekruttering for det lokale næringslivet.

Aker Stord har ei årleg omsetnad på om lag tre milliardar kroner. Dei siste åra har omsetnaden lege på om lag det doble. Aker Kværner - konsernet har aktivitet i 30 land og om lag 23000 faste tilsette.

Aker Kværner Stord

Tilsette:

Om lag 1170 faste tilsette og for tida vel 1700 innleigde personar frå 30 ulike land.

Årleg omsetnad:

«Normal» omsetnad: om lag tre milliardar kroner

Produksjon:

Produserer deler til plattformdekk, landanlegg for behandling av olje/gass og demonterer seksjonar, modular og understell frå utrangerte plattformer.

STORD



Fyrtårn i fjellet

Eit nedlagd gruvesamfunn skal kome til heider og verdigheit att og forhåpentleg setje Stord og Litlabø på kartet. – Vi vil at Gruo skal bli eit fyrtårn, seier Venelaget.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det var i 1968 at A/S Stord Kisgruber vart lagt ned, etter over hundre års drift. Men gruvegangane er i svært god stand, og innsatsviljen stor, så det skal bli full sving i gruvane neste år, meiner to av eldsjelene i Venelaget for Gruo, dugnadsleiar Olav Hellesfjord og lagsleiar Ivar Helleland. Skjønt no blir det ein annan type drift. I staden for kis skal jernbanevognene fyllast med turistar som skal få oppleve historisk sus gjennom mørke gangar.

- Vi har hatt ingeniørgeolog til å undersøkje fjellet, og dette fjellet er tryggare enn dei fleste vegtunnelar, understrekjer Hellesfjord. Det einaste som dryp frå taket og ned på hjelmane våre, er vatn.

TOGET GÅR

Til saman 9,3 mil med gruvegangar slynger seg rundt i fjellet på Litlabø, og det er 730 meter frå topp til botn. Dei lågaste nivåa er det ikkje lenger muleg å nå. Dei er fylte med vatn. Men på bakkenivå skal venelaget fikse og legge nye jernbaneskiner til transport av turistar.

Lokomotiv har dei allereie fått på plass og dei er under utbetring. Passasjervogner har dei bygd sjølve, med gamle bussete dei har henta frå fjern og nær. Slik er det med det meste av det venelaget nyttar i arbeidet, det er mykje lånt og arva frå næringslivet og private i regionen.

- Vi grip sjansen der han er, det er det som er styrken vår, seier Ivar Helleland.

OPPLYST DAGBROT

Venelaget kom saman i 1993 med det føremål å ta vare på historia om det gamle gruvesamfunnet gjennom bilde og fysiske element. Riktig fart i laget vart det då bankane byrja vise interesse for prosjektet og 500 000 stod på konto. No møtest 10-15 mann på området kvar måndag til ein kveldsdugnad. Slik blir det synleg resultat av. Statue av gruvearbeidarar, turløypenett, minnetavle, bildeutstilling, er noko av det som har kome på plass dei siste åra. Ved eit par høve har dei og avvikla festlege arrangement i det renoverte heishuset. Ivar Helleland fortel korleis dei tok eit stort selskap med opp i turområdet ein mørk kveld og overraska gjestene med å lyse opp eit stort dagbrot med 160 meter med lys.

OPNAR SOMMAREN 2008

Målet i denne omgang er å få opna Gruo for turistar neste sommar. Venelaget meiner Gruo er så spesiell i sitt slag, mellom anna fordi ho er ei av dei få som har jernbanenett, at ho har potensiale til å bli eit regionalt fyrtårn.

- Vi tenkjer at cruiseturistar som kjem til Halsnøy like gjerne vil reise til Stord Kisgruber som til Rosendal og Folgefonna, meiner Helleland. Han opplever og at regionen til ein viss grad heiar på prosjektet deira, og fortel at mellom anna sparebanken i Kvinnherad har bidrege med ein solid sum.

Det handlar veldig mykje om milde gaver, som Helleland uttrykkjer det. Og ikkje minst om ein formidabel dugnadsinnsats. Over 6 000 arbeidstimar er lagt ned – og ikkje eitt plaster har blitt brukt, seier Hellesfjord for å dokumentere kor strengt dei tar dette med tryggleik. At det vil gå med mange tusen arbeidstimar til, er dei ikkje i tvil om. – Dette arbeidet blir nok aldri ferdig, her er meir enn nok å ta av.

Det skal bli full sving i gruvane neste år, meiner eldsjeler i Venelaget for Gruo dugnadsleiar Olav Hellesfjord og lagsleiar Ivar Helleland (Foto: Toyni Tobekk)



STORD



Sjølvgod og språkbevisst



Forfattarane Helga Gunerius Eriksen og Per Olav Kaldestad søker å forklare sjela til stordabuen. - Sjølvgod kan bety at ein kjenner seg like god som andre. (Foto: Astrid Eidb. Hjelmeland)

Stord sagt at vi skal vere eit regionsentrum for barnelitteraturen, vi lagar ein festival.

- Stord har rett og slett annektert området, og det synest eg er fint gjort og rett gjort, seier Kaldestad.

- Og så lenge nokon vil lage slike utstillingsscener for det vi held på med, så er vi glade, repliserer forfattar Eriksen. - Vi er meir vane med å leve i skuggane, bakarst i bokhandlane. Med ein åtvaringsplakat som seier "nynorsk", berre så du skal vere sikker på kva du finn der. Det er godt av og til å vere hovudmålet.

Stord har avla mange forfattarar. Nyleg var kommunen vertskap for ein splitter ny nynorsk litteraturfestival. Det ser ut til at kulturen groer godt på øya i Sunnhordland.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

I kantina på Høgskulen sit forfattarar og forlagsfolk på rekkje og rad: Guri Vesaas, Arnt Birkedal, Oscar Stein Bjørlykke, Maria Parr, Helga Gunerius Eriksen, Per Olav Kaldestad. Det er den sjuande dagen av den åtte dagar lange Falturlitufestivalen, og det er på tide å finne ut kva det er med Stord som gir slik grobotn for kultur.

- Stord er den største nynorsk-kommunen i Noreg, hevdar nynorskforfattar Kaldestad å ha høyrte.

- Og då blir det den største nynorsk-kommunen i verda, insisterer kollega Eriksen.

Så har vi fått sett det på plass.

TILLIT TIL SPRÅKET

- Eg trur grunnen til at Sunnhordland og Stord er blitt eit sentrum for nynorskforfattarar, er at det finst ein sjølvtilitt i forhold til språket, ja, i forhold til alt her, seier Helga Eriksen. - Ein sjølvtilitt på grensa til det sjølvgode. Det kan ein vel seie når ein er herfrå sjølv. Men å vere sjølvgod kan anten bety at ein trur ein er best i verda, eller det kan bety at ein kjenner seg like god som alle andre, held ho fram.

- Det gode med å vere sjølvgod må jo vere at ein ikkje treng leggje vekk dialekten sin når ein kjem til ein annan plass, fordi ein er god nok som ein er. Kva skulle vere i vegen med å halde fast på det som er meg?

Og nynorsken, meiner Eriksen, nynorsken er "ein skilnad som gjer ein skilnad". Ein nyanse som er viktig å oppretthalde fordi det er ein del av ein identitet.

TRASSIGE

Det kjem heile tida til nye forfattarar i Sunnhordland. Og forfattarane skal ein ikkje bekymre seg for, dei er språkmedvitne folk, meiner Eriksen. Dei kan språket sitt innifrå. Dei aller fleste forfattarane som kjem frå Stord dei siste åra, held seg til nynorsk. Med nokre heiderlege unntak, seier Kaldestad og peiker som eit døme til forfattaren Selma Lønning Aarø. Mange nynorskingar blir bokmålingar. Kanskje det er ein form for trass?

Men vi er trassige den andre vegen, seier Eriksen. - Eg prøvde å skrive på bokmål ein gang, men det passa ikkje. Det var som om det ikkje var meg som hadde skrive det.

Tilbake til Stord: Forfattarane skryt av kulturkontoret som dei meiner har spelt ei viktig rolle i mange år. Spesielt musikk og litteratur har dei sett verdien av, seier Kaldestad og syner mellom anna til Falturlitufestivalen som gjekk av stabelen for første gong i november. Han held fram den gode innsatsen frå folkevalde og kulturkontoret og seier seg nesten litt overraska over at ein slik festival kunne komme til på Stord. Positivt overraska.

ÅTVARING: NYNORSK

Men Stord er eit regionsenter, seier han, fordi det er eit skulesenter og eit industrisenter. Her finn ein moderbedriftene til mange kringliggjande bedrifter. Kvinnherad, Tynes og andre kommunar rundt er avhengige av det som skjer på Stord.

Sjølv om det kjem mange forfattarar frå andre stader i Sunnhordland, har

Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenovert?

Alle som er tilslutta LNK får sjølv sagt medlemspris. Be om LNK-pris neste gong du tingar rom.



Velkommen til kulturhotellet i Oslo sentrum!



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantz'gate 8, 0159 Oslo
Tlf: 23 21 41 00
booking@bondeheimen.com
www.bondeheimen.com

GOD JUL OG GODT NYTTÅR



Rasmus Løland-markeringa
2007 - 2011

KLP

for dagene som kommer
Tlf. 22 03 35 00
www.klp.no

LLA

Landslaget for lokalaviser
www.lla.no
Tlf. 22 86 12 70

MAGASINETT

Elektronisk tidsskrift med nyhende,
artiklar og kommentarstoff
www.magasinet.no

DAG OG TID

www.dagogtid.no

Sparebanken  Hardanger

Hardingbanken
www.hardingbanken.no

KBN Kommunalbanken
Norge

Tlf. 21 50 20 00
www.kommunalbanken.no

Norsk  Plan as

Konsulentfirma innan informasjon
og informasjonsformidling
www.norsk-plan.no
Tlf. 52 79 04 80



www.lnk-nytt.no

PiRion

Kulturavis for pedagogisk
personale i barnehagar og
på småskuletrinnet
www.pirion.no

B-BLAD

Returadresse:
Vatlandsvåg - 4235 Hebnes